

Styremøte Ål stibbyggjarlag 17.juni.

Tilstades: Eirik Øen, Magnus Tveito, Knut Myking, Torleiv Torgersen, Kristine Kapperud, Bjørn Herbrand Tretterud, Per Kvelperud, Agnete Berg Sataslåtten (vara), Sandra Paulsen (vara) og Gunhild Jensen (vara).

Referat: Knut

Agenda

1. Godkjenning av referat fra konstitueringsmøtet 3.juni

2. Handlingsplan - prioritere tiltak for bygging 2021 Masterplanen har delt området inn i 5 delområder, og prioritert gjennomføring av delområder og enkelttraséer.

Prioriteringslisten og kartutsnitt for delområdene ligger vedlagt innkallingen.

Basert på masterplanens prioriteringsliste bør vi ha fokus på følgende løyper/stier:

- Sykkelutvikling Bakketun - trasé 519 og 520
- Sykkelutvikling Vestlia, Ål - trasé 32 («Hallingspretten»)
- Sykkelutvikling Bråtabakken - Rota, Ål - trasé 414
- Sykkelutvikling Jegermoen Ål - trasé 41A og 41B

Prioritering av tiltakene drøftes i møtet.

3. Orientering om andre områder

- Sykkelutvikling på Torpo. Bjørn Herbran orienterer
- Sykkelutvikling i Ål skisenter/Primhovda Sør. Knut og Magnus orienterer.
- Sykkelutvikling Sundreberget. Knut orienterer
- Sykkelparkene i Hallingdal Feriepark og skuleparken - Vedlikehold/videreutvikling.

4. Grunneieroppfølging Torleiv orienterer om grunneieravtaler Arbeidsfordeling for dialog med berørte grunneiere drøftes i møtet.

5. Søknadsinstanser Torleiv/Kristine orienterer om mulige søknadsinstanser, søknadsfrister og krav til søknadene. Foreløpig oversikt vedlagt innkallingen. Prioritering og arbeidsfordeling av søknader drøftes i møtet.

6. Eventuelt

Referat

1. Godkjenning referat konstitueringsmøte 3. Juni.

Referatet vart godkjent utan kommentarar.

2. Handlingsplan

Styret meiner det er avgjerande å komme i gang med prosjektavklaring no for å realisere sti og løypeprosjekt i 2021.

Drøfting rundt løypeutvikling kring Hallingsprett traseen ref forslag 3,2. Mest sannsynlig vil gangbru over elva vere på plass neste år. Gjeldande avtale for skiløype nemner sykling. Drøfting kring realisering i gjennom to delprosjekt. Styret ønsker å starte dialog med aktuelle private grunneigarar. Agnete og Hallingsprett starter dialog med desse i sommar.

Løpeforslag mellom Rota og Bråtabakken ref forslag 4,14. Drøfting rundt hogst og løypeutvikling. Styret ønsker å komme i kontakt med aktuelle private grunneigarar. Knut og Eirik tek kontakt og er i dialog med desse i sommar.

Sykkelutvikling Jegermoen ref forslag 4,1A og 4,1B. Myking har tatt kontakt med Opplysningsvesenets fond på vegne av Villom. Dette området har omfattande forslag og styret ønsker å sjå nærmare på dette seinare.

Sykkelutvikling Bakketun ref forslag 5,19 og 5,20. Drøfting rundt muligheter og begrensingar kring Bakketun på Torpo, her er det fleire omsyn å ta mtp arealbruk, drift og utvikling. Eirik og Torleiv lager utkast til politisk sak om kommunas eigedom ved Bakketun.

3. Orientering om andre områder:

Bjørn Herbrand orienterer om muligheter og begrensingar kring Torpo og Torpomoen. Bjørn Herbrand har dialog med ulike private grunneigarar og fortsetter denne. Om aktuelle grunneigarar ønsker det kan det bli aktuelt å utforme konseptplan for nye områder på seinare tidspunkt

Knut og Magnus orienterte om sykkel og festivalutvikling kring Ål skisenter sidan 2009. Slåttaheisen er godkjent for sommardrift, lokalmiljøet har utvikla ulike løyper og stigar på dugnad. Pr i dag er det ingen formell drift av heis og løyper. Firmaet Hillbilly MTB AS har avtale med eigar av teig 99/1 og vil utvikle ei løype der i sommar. Fleire teigar i området kan vere aktuelle for utvikling på seinare tidspunkt.

Sykkelutvikling Sundreberget. Knut fortalte om eigedomstruktur og innspel frå grunneigarmøte i dette området.

Sykkelparkane i Hallingdal feriepark og skuleparken. Agnete fortalte om drift og vedlikehald av Hallingdal sykkelpark, stadig behov for vedlikehald og idear om

vidareutvikling. Asfaltert pumtrack hadde vore kjekt. Elvelangsprosjektet løfter området og gir meir bruk. Knut fortalte om utvikling av sykkelområdet i skuleparken i 2011 og 2017. Varierende bruk og minimalt med vedlikehald, kommuna eig og driv området/ anlegget.

Agnete kartlegger vedlikehaldsbehov og vedlikehaldskostnader i Hallingdal sykkelpark. Torleiv og Kristine ser nærmare på avtaler og drift av skuleparken i kommuna. I det vidare styrearbeidet kan ein trekke parallellar til tilsvarande parkar i Hol, Gol og Nes.

4. Grunneigaroppfølging.

Torleiv har eksisterand avtaler på merka turstiga i Ål kommune. Torleiv har dialog med Lars Jensen om avtaler som er inngått for sykkelutvikling i Hemsedal. Der har dei tatt utgangspunkt i avtalemal for turstigar og tilpassa denne med vedlegg for sykkelutvikling og beskriving av dei einskilde prosjekta. Grunneigaravtaler kan vere enten på 10 eller 30 år. Her kan avtalene skilje mellom friluftsanlegg og sykkelanlegg. Dette er avgjerande for utløyning av tippemidlar. Kulturdepartementet endrar retningslinjer for dette. Torleiv og Kristine jobbar vidare med dette og drøfter framtidige utkast med bondelaget.

5. Søknadsinstansar.

Kristine har laga oversikt over søknadsmoglegheiter og fristar. Spelemiddelsøknader har frist 1. September. For spelemiddelfinansiering må prosjekt vere i anleggsregisteret, deretter er saksgang som følger; idrettstråd- SUKO - kommunestyre- fylkeskommune – kulturdepartement.

Godkjente spelemiddelprosjekt kan få mva kompensasjon, sjølv om dei ikkje har fått spelemiddelfinansiering. Desse må dog vere avklart med byggesak.

Styret har målsetning om å delta i regionale søknader ilag med Tråkk N Roll. Torleiv og Eirik har dialog med Lars Jensen om dette.

6. Eventuelt

Ål utvikling er med i marknadsavdeling til Tråkk N Roll, Magnus og Agnete representerer der. Noko markedsføringsmateriell med slagordet "Hallingdal Rides" vil bli produsert og distribuert i sommar.

Magnus lager strategiutkast for ekstern og intern kommunikasjon til neste møte.

